



Foreldresamtale

Valle og Hylestad barnehage

---

Barnets namn:	Tilstede:
Dato:                      År:	Avdeling:

### Om foreldresamtalen

Foreldresamtalen er ein viktig del av samarbeidet mellom barnehagen og heimen.

Me ynskjer å ha god dialog med dykk som foreldre, slik at me saman kan støtte barnet på best mogleg måte i kvardagen.

Samtalen gir rom for å snakke om barnets trivsel, utvikling og kvardag i barnehagen. Me deler observasjonar og erfaringar frå barnehagen, og er også opptekne av å høyre korleis de opplever barnet heime. Slik kan me få eit heilskapleg bilete av barnet og tilpasse tilbodet vårt etter behov.

I samtalen kan det kome spørsmål om tema som vald, rus og andre forhold i heimen. Me veit at dette kan vere sårbare og private tema, og det er heilt frivillig å svare. Me spør fordi barnehagen har eit ansvar for å sjå og støtte alle barn, og fordi slike forhold kan påverke barnets trivsel, trygghet og utvikling. Me ynskjer å vere ein trygg stad for barnet, og å kunne hjelpe dersom det er behov.

Personalet har teieplikt, og informasjon som kjem fram i samtalen blir behandla med respekt og omtanke. Me noterer kun det me saman blir einige om er viktig for vidare oppfølging, og eventuelle notatar blir lagra i barnets digitale mappe.

Me ser fram til ein god samtale med dykk!

## TRIVSEL

- Korleis opplever barnehagen/heimen barnets trivsel i barnehagen?
- Korleis er barnet si samhandling med andre barn og vaksne?
- Korleis opplever dykk personalet ved henting og levering?
- Barnet i leik, er det noko spesielt barnet er oppteken av eller interessert i?
- Barnets humør, kjensler. Sjølvregulering og sjølvstende. Grensesetting.
- Matvanar og søvn: Informasjon om barnet sine matvanar, søvnvanar og eventuelle allergiar.

Notat:



## UTVIKLING

- Korleis opplever foreldra barnet si utvikling på ulike område (fysisk, sosialt, emosjonelt, språkleg, kognitivt)?
- Barnehagen deler sine observasjonar og vurderingar av barnet si utvikling.

Notat:

## HEIMESITUASJON

- Korleis er barnet sin kvardag heime?
- Er det hendingar eller forhold som kan ha betydning for dagen i barnehagen. Er noko endra sidan seist?
- Livet som småbarnsforeldre kan vere krevjande. Er der noko dykk ynskjer å snakke om?

Notat:

## HELSE

- Korleis vil dykk beskrive barnets helse? (Psykisk, fysisk)
- Er det noko me bør kjenne til om helsetilstandar i familien?

Notat:

## VALD, RUS OG OVERGREP

Nokre barn veks opp i miljø eller situasjonar som kan vere krevjande, og som påverkar utvikling, tryggleik og trivsel. Barn med foreldre som lever i valdelege samlivssituasjonar og/eller foreldre med rusmiddelproblem har ein oppvekst som kan få konsekvensar for utviklinga og tilknytninga til foreldra. Desse forholda kan gje store problem seinare i livet. Målet vårt med desse spørsmåla er å forstå barnet dykkar best mogleg og å kunne støtte både barnet og familien på ein god måte.

- Har barnet opplevd vald, truslar, sinneutbrot eller rusproblematikk hos foreldre, søsken eller andre nære?
- Har barnet vist teikn til uro, engstelegheit eller andre reaksjonar som kan vere knytt til dette

Notat:

#### TILLEGGSPUNKT

- Praktiske forhold: Informasjon om praktiske ting som klede, utstyr, levering og henting.

#### Førskule

#### Samarbeid bhg – heim seiste året i barnehagen

- Kva kan me jobbe saman om?  
Sjølvtende (f.eks gå på do, tørke seg på do sjølv, kle seg sjølv, vente på tur.

Notat:

**Er det andre forhold som dykk meiner skulen bør ha informasjon om?  
(syn, høyrsel, konsentrasjon, bruk av medisin og anna av betydning).**

Notat:

- Er det situasjoner eller områder der barnet treng spesiell omsorg/oppfølging?

Notat:

#### AVSLUTNING

- Oppsummering av kva som er sagt og avtalt.
- Plan for vidare oppfølging.
- Andre spørsmål.

Notat:

## Foreldresamtale

---



Valle kommune Sentralbord: +47 37 93 75 00  
Postboks 4 E-post: [post@valle.kommune.no](mailto:post@valle.kommune.no)  
4746 Valle [www.valle.kommune.no](http://www.valle.kommune.no)

---